



LYNGMO GLYTTE

JANUAR 2024



Lyngmo - Glytten 33. årgang - Januar 2024

Julemiddag for ungdom
Inspirasjonshelg for kvinner
Ny leir! - Utrusta



Misjonssambandet

Helsing frå Lyngmo

Godt nytt år til alle som les Lyngmoglytten!

Kva betyr det å ønske nokon eit godt nytt år? Og kva betyr det når me ønsker kvarandre ei velsigna og god jul; slik me gjorde for nokre veker sidan? Er det ein setning og eit uttrykk som me berre seier av gamal vane? Eller betyr det noko djupare? Ofte kan det nok bli noko repeterande og berre noko me seier. Eg må i alle fall være ærleg om det for eigen del.

Men eg ønsker jo egentleg det gode for folk eg møter, både i regi av jobben og i privatlivet. Tankerekka mi gjekk litt vidare – til korleis møter me folk? Møter me dei med ekte interesse og med gode intensjonar? Eller har me eit meir egoistisk perspektiv der me ser våre egne behov.

Eg kjenner ein som ikkje møtte folk med

Gjett kven frå Bibelen:

4. 
5. 
6. 

Svar finn du på nest siste side

Mitt bibelvers



Madeline Faith Schanke
Eikum

14 år, Hafslo

Herre, høyr mine ord! Lytt til min klage! Høyr mitt rop om hjelp, min konge og min Gud, for eg bed til deg. Herre, om morgonen høyrer du mi røyst, tidleg ber eg fram mitt offer og ventar.

egoisme, men med ekte rausheit, godheit og kjærleik. Det er Jesus. Han klarte å møte alle folk med dette perspektivet. Han gjorde ikkje skilnad på folk.

I Romarane 12,21 står det «*Lat ikkje det vonde få vinna over deg, men vinn over det vonde med det gode!*» Tenk om me klarar å ta dette perspektivet med oss i møte med alle menneske! På Lyngmo ønsker me i alle fall å møte gjester og deltakarar på ein god måte! Me ønsker at alle kan bli meir kjent med Jesus og bli møtt av hans velsigning på alle vis!

I løpet av eit år er det mange møtepunkt på Lyngmo. Det er over 40 helgar og ca. 230 dagar der det er arrangement eller utleige. Det er kan være krevjande å få alt til å gå opp. Dei siste åra har vore litt vanskelegare på grunn av permisjonar og stor utskifting i staben. Men, det har lagt seg til rette og siste person inn i staben vår er Hanne Kristin

Peter som byrjar i 80 % på kjøkkenet frå 1. februar. Ho er allereie godt i gang med opplæringsvakter no i januar. Det står likevel ei stilling tom etter at Jorunn Hilleren har sagt opp kjøkkenstillinga og vert pensjonist frå 1. mai 2024. Dermed er det 30 % stilling på kjøkkenet som står ledig. Jorunn har vore på Lyngmo i mange år og har vore ein stabil, trygg og god person å ha i staben. Det er vemodig å gje slepp på ho i arbeidsfellesskapet. Me er takksame for jobben ho har gjort og no unner me Jorunn ei god pensjonist-tid med mange gode opplevingar!



nomiske glad-saken for Lyngmo var at i samband med omstruktureringa til Sogn og Fjordane Indremisjon fekk Lyngmo ei stor gåve. 2,5 millionar av gjelda vår vart sletta. Tusen takk til utsendingar, styret og krinssekretær (Sondre Orrestad) i Sogn og Fjordane Indremisjon som bestemte og la til rette for dette!



Vekene framover er det mykje som skjer. Vinterleirane er like rundt hjørnet og påmeldinga er godt i gang. Vær gjerne med og send barn, barnebarn og andre aktuelle barn og ungdom på leir! Staben på Lyngmo ser fram til å ønska velkommen og legge til rette for gode og innhaldsrike dagar i fellesskapet på Lyngmo!

Bilete: 15-gjelder er gøy å leike i skogen

Drifta og økonomien til Lyngmo går greitt, men det kan være utfordrande til tider. Rekneskapan syner at det har vore større utgifter siste året, samtidig som ordinære gåver har minka noko. Ta gjerne kontakt for å bli med som fast gjevjar til Lyngmo. Den store øko-

Helsing frå Kjetil, dagleg leiar



Tusen takk for at de er med å bidrar i arbeidet og er med å be for arbeidet!

Andakt

Lær oss å telja våre dagar så vi kan få visdom i hjartet.» Slik skriv Moses i Salme 90.

Dette er ei merkeleg formaning, det er ikkje mulig. Og det er nettopp det som er det alvorlege poenget. Ingen av oss veit kor mange år og dagar me har, kor langt livet vårt er. Ingen av oss har nokon garanti for morgondagen. Visdomen blir då å innretta seg ut frå at me ikkje veit kor langt livet vårt blir.

Det me veit, er at evigheten er uendeleg, og at skjebnen vår i evigheten vert avgjort her i livet. Livet vårt veit me ikkje lengden på, så kva gjer me då? Svaret er innlysande: Me må ta imot det Jesus har tilbydt oss.

Me har nettopp feira jul til minne om at Jesus vart fødd. «Eg er så glad kvar julekveld, for då vart Jesus fødd» syng me i ein

julesong. «Ein Frelsar er fødd» song englane til gjetarane ute på markene. Jul og påske høyrer nøye saman. Jesus kom til jord for å frelsa alle menneske, alle som vil ta imot dette, og det er heilt gratis.

Jesus måtte lida og døy, ja, pinast til døden på krossen for nettopp å frelsa alle som vil ta imot dette. Me er alle syndarar, både kristne og ikkje kristne, og ingen blir rettferdige ved eiga hjelp uansett kor prektige me prøver på å vera. Men Jesus har ordna det slik at alle som vil, får koma til han, får koma på det han har gjort. Berre av nåde, eller heilt gratis om du vil.

Kvifor er det så vanskeleg å ta imot noko som er heilt gratis?

Andakt av Torodd Urnes (Styreleiar)

Inspirasjonshelg for kvinner

Den 13.-15 november vart det Inspirasjons-helg for kvinner. Over 50 damer opplevde gleda og inspirasjonen i å møtes med kvarandre og Gud. Den yngste var 22år og eldste var 85. Me har bedt om generasjonane samla så det er eit bønnesvar. Vi fekk nydeleg mat, ferdig oppreidd seng, god undervisning, lov-song, bønn og godt fellesskap med andre kvinner og med Jesus i fokus! Cirka halvparten av damene har ikkje vore på Inspirasjonshelg for kvinner før. Hovudparten av damene kom frå Indre Hafslo, Luster, Sogndal, Kauganger og Leikanger. Men Førde, Flaktveit, Nordfjord og Bryggja blei også representert. Gjennom bibelundervisning med Marianne Braseth gravde deltakarane etter gull i Guds


ord etter temaet 'Gullgraving'. Inspirasjonshelg for kvinner er ei årleg helg for jenter og damer i alle aldrar. I 2024 er du hjarteleg velkomen til Lyngmo den 15.-17. november i 2024.

Skrevet av Debbie



• • • • • • • • • • • • • • • •


GÅVEAKSJON



**Barne- og
ungdomsleirane
på Lyngmo**



GÅVEAKSJON



Skattefrådrag på gaver


- > Enkeltgaver
- > Fast gjevar

tinyurl.com/lyngmo21





GÅVEAKSJON



Gje di gåve i dag!




Gåvekonto: 3000.32.79177



**Vippsnummer:
119360 (Merk «Gåve»)**

• • • • • • • • • • • •

GÅVEAKSJON



*** 450 - 500 born og ungdom på leir kvart år!**

*** Leiartrening for ungdommar på leirane**

Julemiddag for ungdom




Julemiddag for ungdom er ein veldig koseleg kveld i juleferien som absolutt er verdt å sette av datoen til. Julemiddag for ungdom handlar ikkje bare om den gode julematen, men også dei herlege folka. Det å treffe folk som du ikkje ser så ofte, spesielt viss du ikkje bur heime lenger er veldig koseleg. Det var ein veldig koseleg og innholdsrik kveld.

Kvelden bestod av både god mat, konkurransar, andakt, damenes- og herrenes tale, quiz og andre sosiale aktivitetar som dei fantastiske programleiderne hadde planlagt. Kvelden vart ein god blanding mellom drøs på bordet og program. Min favoritt trur eg var den årlege quizen, det har nok kanskje litt med at mitt lag vann 😊 Men alt var veldig kjekt! I år var vi ganske mange, det

var ungdommar frå 8. klasse og opp til etter vidaregåande. Det var ein herlege gjeng som skapte veldig god stemning og var med å lagde ein veldig bra kveld! Det er også veldig kjekt å sjå at arrangementet utvida seg, eg kan ikkje hugse at me var så mange når eg gjekk på ungdomsskulen. Men alt i alt var det ein veldig bra kveld, og håper mange setter av datoen til neste år!

Skrevet av
Elisabeth Hurthi



Leirtravaren

Namn: Emma Tveit

Alder: 14 år

Kjem frå: Feios

Har de vore mange ganger på leir?

Nei, dette er fyste gongen

Kva er det kjekkaste du gjer på leir?

Møte nye folk, sosialt, leike og koselig å synge i lag.

Ny leir! – Utrusta

12. -14. januar blei det arrangert ein ny leir på Lyngmo. Denne var for alderen 18+ og heiter Utrusta. Utrusta er ein leir der du skal kunne bli utrusta til tro i godt fellesskap og Guds nærvær. Det vart heile 31 deltakarar på leiren og Øystein Hilleren frå Voss bønnehus kom og tala. Han tala om utrustning til livet med Jesus, blant anna om identitet i Kristus, korleis høyre Guds stemme, bønn og det å bli fylt av Den Heilage Ande. Nesten alle deltakarane ynska å oppleve meir av Den Heilage Ande og å få ein lengsel etter Gud. Det blei ein fantastisk helg der me fekk be saman og for kvarandre, dele tru- vanskelege og gode ting, og kjenne på gleda over å ha Gud med på laget. Det vart og ein leir der me fekk kjenne på den gode gamle leirkjensla med leik, god mat, spel, aktivitetar og bli kjent med andre kristne. På laurdagen var det fleire aktivitetar; du kunne velje mellom



Her har gutta endelig fått laga eit fint badehull



Forklaring av regler til Hafslo Games

bading i Lustrabadet, teambuilding gjennom Hafslo games eller rosemaling med Leidulf Kvam. Eg trur alle vart fornøgde med sitt val og hadde ei fin stund, sjølv skulle eg helst vore med på alle aktivitetane. Det vart så fint det deltakarane malte på rosemaling! Ein valfri aktivitet som slo godt ann var isbading i Hafslo vatnet. Det vart ein skikkeleg utfordring å lage hull i isen då isen var 35 cm tykk, men gutta så på det som ein morosam utfordring og det blei håll i isen til slutt. Heile 15 stk. bada laurdagen og 8 stk. søndagen. Det er imponerende det. Alt i alt blei det ein fin leir der me fekk ledd, bli utfordra (både med isbading og i tro), kos oss saman med andre kristne og ikkje minst; hatt eit godt fellesskap i Guds nærvær.



Crossroad 2024

16.-19. FEBRUAR

 LYNGMO  Misjonssambandet  imf
Inkretsjonstorbundet

Kva skjer?

FEBRUAR 2024

1. Knøttekor
- 1.- 4. KRIK- Sognahelg
- 8- Småbarnstreff
15. Knøttekor
- 16.-19. Crossroad (8. kl - 19 år)
22. Småbarnstreff
- 22.-25. Leir for 4.-7. klasse
29. Knøttekor

MARS 2024

7. Småbarnstreff
9. Sogn misjonssamband - årsmøte
14. Knøttekor
- 15.- 17. Leir for 2.-4. klasse
21. Småbarnstreff
- 22.-25. Familieleir i Palmehelga

APRIL 2024

4. Knøttekor
5. Vårbasar
7. Smak & Sjå
11. Småbarnstreff
18. Knøttekor
25. Småbarnstreff
- 26.-28. Ordet & Israel

MAI 2025

14. Dugnadsfest
16. Ungdomsarrangement
20. Pinsefest

Minnegåve:

Tusen takk for gåver som vart gitt
i samband med gravferdene til
Atle Bondevik og
Audun Oklevik

Ta med barnelaget til Lyngmo!

Mat, andakt v/ bua på Lyngmo, leik og
aktivitet. Ta kontakt så finn me eit
passande tidspunkt!

Selskap, konfirmasjon eller minnestund?

På Lyngmo:

- Er staden for å samle familien
- God mat som folk flest likar
- Er det kjekt for borna: Gymsal og eige aktivitetsrom!

*Me tilbyr også catering med
kaldtbord, middag eller snittar!

*Ta kontakt for informasjon / tilbod!

Svar gjett kven: 4. David, 5. Daniel, 6. Adam og Eva

"NORGE P.P."

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 21
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

LEIRANE

16. - 19. Februar Crossroad (8kl. til og med 19 år)	1130,-
22. - 25. Februar 4. - 7. kl. Leir	970,-
15. - 17. Mars 2.- 4. kl. Leir	780,-

Det blir gitt 25% søskenmoderasjon frå søsken nr. 2

Bruk påmeldingsskjemaet på heimesida for påmelding.

Informasjon:

<https://www.lyngmoinfo.com/leir/>

«Alle med»: For enkelte familiar vert det for stor kostnad å reise på leir. Dersom dette gjeld dykkar familie kan de ta kontakt på e-post (lyngmo@lyngmoinfo.com) Då prøver me å leggje til rette for alternative støtteordningar.

Me ønsker å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest

